



Kommunal og moderniseringsdepartementet
v/ Statsråd Jan Tore Sanner
Postboks 8112 Dep, 0032 Oslo

Dato: 03.02.2017
Vår ref.: 2015/1434-497
Saksbehandlar: thoaare
Dykkar ref.:

Regionreforma - vedtak i fylkestinget i Hordaland

Som ein del av det vidare arbeidet med regionreforma vart fylkeskommunane, i brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, datert 2.juli 2015, oppfordra til å gjennomføre samtalar med nabofylke og fatte vedtak om strukturendringar på regionalt nivå. Det vert og vist til brev frå Kommunal og moderniseringsdepartementet, datert 22.august 2016, der det vert orientert om det vidare arbeidet med regionreforma. I brev frå departementet, datert 19.desember 2016, fekk Hordaland fylkeskommune utsett frist til 3.februar 2017, med å fatte vedtak om strukturendringar.

Spørsmålet om strukturendringar på regionalt nivå innanfor ein løysing med samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, vart handsama på fylkestinget, 14.desember 2016. Det vart gjort følgjande vedtak:

- «1. *Fylkestinget viser til inngått intensjonsavtale for etablering av Vestlandsregionen og går inn for at Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune går saman i ein ny folkevald region på Vestlandet. Det er ein viktig føresetnad at krava om oppgåver som er fremja i kapittel 10 i Intensjonsplanen vert følgt opp frå sentrale styresmakter både når det gjeld eksisterande og nye oppgåver. Fylkestinget søker med grunnlag i inndelingslova om slik samanslåing.*
2. *Fylkestinget vil understreke at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av Vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområder må kunne fråvikast i ein regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere overføring av nye statlege oppgåver til regionalt folkevald nivå.*
3. *Fylkestinget går inn for at nynorsk vert administrasjonsspråket i den nye Vestlandsregionen.*
4. *Fylkestinget i Hordaland ønskjer primært ein Vestlandsregion som består av Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Fylkestinget i Rogaland har sagt nei til ei slik løysing. På denne bakgrunn gjev fylkestinget i Hordaland det oppnemnde forhandlingsutvalet for regionreforma fullmakt til å starta opp ny dialog og gjennomføra nye forhandlingar om ein intensjonsavtale for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkestinget i Hordaland er positiv til at einskilde kommunar i Nord- Rogaland som ønskjer å bli ein del av den nye Vestlandsregionen søker om det.»*

Med grunnlag i dette vedtak er det gjennomført nabosamtale og forhandlingar med Sogn og Fjordane fylkeskommune om ein intensjonsavtale om samanslåing av desse to fylka. Denne intensjonsavtalen vart lagt fram for handsaming på ekstraordinært fylkesting, 3.februar 2017, der det vart gjort følgjande vedtak:

- «1. *Fylkestinget viser til regionreforma og Stortinget sitt vedtak om ny regionstruktur frå 01.01.2020 med om lag 10 regionar. I den nye strukturen går fylkestinget primært inn for at det vert etablert ein Vestlandsregion som består av Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane.*
- 2. *Om den nasjonale regionreforma får som utfall at tal fylke/regionar vert ført vidare på tilnærma dagens nivå, og Stortinget ikkje finn grunnlag for å overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå, vil fylkestinget at Hordaland held fram og vert vidareutvikla som eige fylke/eigen region frå 2020.*
- 3. *Fylkestinget viser til at Rogaland fylkeskommune har vedteke å bestå som eigen region inntil vidare på grunn av manglande avklaringar om overføring av nye statlege oppgåver og ansvarsområde i tilstrekkeleg omfang. Det er derfor framforhandla ein intensjonsplan for etablering av ein ny folkevald region på Vestlandet bestående av Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkestinget godkjenner denne intensjonsplanen som grunnlag for eventuell etablering av ei slik regionløysing på Vestlandet under føresetnad av at nye oppgåver/ansvarsområde vert tilført og tilsvarande vedtak gjort i fylkestinget i Sogn og Fjordane.*
- 4. *Fylkestinget vil understreke at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av Vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområde må kunne fråvikast i ein regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere overføring av nye statlege oppgåver til regionalt folkevald nivå.*
- 5. *Hordaland fylkesting legg til grunn at fondsmidlane omtala i punkt 7 bør brukast til fylkeskommunale/regionale investerings- og driftsoppgåver innan dagens grenser for Sogn og Fjordane.»*

Eg ber om at vedtaket på fylkestinget, 3.februar 2017, vert lagt til grunn for Kommunal og moderniseringsdepartementet sitt vidare arbeid med regionreforma, og framlegg til Stortinget om endleig vedtak om strukturendringar på regionalt nivå.

Pål Kårbø
fylkesordførar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi:

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune
Hordalandsbenken på Stortinget
Kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget
Kommunane i Hordaland
Fylkesmannen i Hordaland

Vedlegg:

Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland